



**DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Nese Sameige
v/Ole Jakob Nese
Eskingedalsveien 775
5728 Eidslandet

Dykkar ref

Vår ref
17/582-

Dato
17.09.2020

Klage på NVE sitt avslag på konsesjonssøknad om Nonstadgilet kraftverk i Vaksdal kommune i Vestland

Nese sameige har i brev av 20.02.2017 klaga på NVE sitt vedtak av 01.02.2017 om avslag på søknaden om konsesjon til Nonstadgilet kraftverk i Vaksdal kommune i Vestland fylke.

NVE har vurdert klagen i brev til departementet av 09.03.2017, og ikkje funne grunnlag for å gjere om sitt vedtak.

Bakgrunn

Blåfall AS søkte 02.02.2016 om konsesjon til Nonstadgilet kraftverk. Morselskapet Norsk Vannkraft AS har i løpet av konsesjonsprosessen teke over som tiltakshavar.

Etter søknaden er kraftverket planlagt med inntak på kote 795, etablering av terskel i eit nærliggande vatn for overføring av vatn derfrå, og nedgravd rørgate til kraftstasjon på kote 265.

Middelvassføringa vil etter overføringa vere 0,32 m³/s. Det er søkt om ei slukeevne på 0,88 m³/s, altså 2,75 gongar middelvassføringa. Det er føreslått ei minstevassføring på 22 l/s heile året, likt alminneleg lågvassføring. Fem-persentilen er til samanlikning 32 l/s sommarstid og 19 l/s vinterstid.

Det er planlagt ei yting på 3,7 MW, som gjev ein venta årsproduksjon på 9,7 GWh.

NVE sitt avslag

NVE avslo konsesjonssøknaden 01.02.2017. I "Bakgrunn for vedtak" (KSK-notat 18/2017) la NVE vekt på verknadane ved tiltaket for sårbart høgfjell og for Eksingedalen.

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelinga

Saksbehandlar
Håvard Hamnaberg
22 24 61 32

Frå oppsummeringa i "Bakgrunn for vedtak":

I vedtaket har NVE lagt vekt på at Nonstadgilet kraftverk vil gi varige sår i et sårbart høyfjellsområde og forringe opplevelsen av Eksingedalen som et natur- og kulturlandskap med stor verdi. NVE konstaterer at Fylkesmannen er imot at det gis konsesjon til Nonstadgilet kraftverk. Kommunens og fylkeskommunens positive uttalelse forutsetter at tiltaket ikke gir varige sår i landskapet. Denne forutsetningen mener NVE ikke lar seg gjennomføre for Nonstadgilet kraftverk.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at ulempe ved bygging av Nonstadgilet kraftverk er større enn fordelene.

Klagen

I klagen av 20.02.2017 fremjer Ole Jakob Nese på vegner av grunneigarane følgjande argument for at Nonstadgilet kraftverk burde få konsesjon:

- Det er ikkje relevant å sjå Nonstadgilet kraftverk i samanheng med dei andre sakene i "Vaksdal II"-pakken, grunna avstanden til dei andre tre prosjekta.
- Dei positive verknadane for private interesser er ikkje tilstrekkeleg vektlagde.
- Dei visuelle verknadane vil ikkje vere store, då inngrepa vil vere dekte av snø store delar av året og elles vere skjult av skogen i nedre delar.
- Området er lite brukt til friluftsliv, og tilkomsten er via veg som er stengd med bom.
- Avbøtande tiltak som er føreslått av høyringspartane er ikkje vurderte.

Departementet sine vurderingar

Løyve til Nonstadgilet kraftverk kan gjevast dersom "fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser," jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane i klagen som er naudsynt for å grunngje avgjerda. Departementet kan også ta omsyn til tilhøve som ikkje er omtala i klagen.

Departementet heldt synfaring av utbyggingsområdet for Nonstadgilet kraftverk 3. oktober 2019.

Økonomi – prissette verknadar

Departementet meiner at den viktigaste samfunnsnyttan med Nonstadgilet kraftverk vil vere produksjon av fornybar energi. Tiltaket vil kunne ha positive verknadar for lokalt og regionalt næringsliv og sysselsetjing i anleggsperioden. Vidare kan utbygginga gje inntekter til søkar, grunneigarane og Vaksdal kommune.

Nonstadgilet kraftverk har ein estimert utbyggingskostnad på 40,7 millionar kroner i søknaden. Departementet legg til grunn at estimatet representerer kostnadsnivået i 2015. Justert til 2019-nivå med NVE sin kostnadsindeks for vasskraft får prosjektet ein utbyggingskostnad på 45,8 millionar kroner, som gjev ein spesifikk utbyggingskostnad på 4,7 kr/kWh. Kostnadsoverslaget inkluderer ikkje eventuelle kostnader til forsterking av kraftnettet for å kunne ta mot produksjonen. Det er ikkje klart i kva grad det vil tilkomme slike kostnader.

Inntektssida til prosjektet, representert ved noverdien av prosjektet, inngår som eit element i departementet si samla vurdering av fordelane og ulempene ved prosjektet. Departementet har gjort ei utrekning av noverdien basert på søkar sine oppgjevne investeringskostnader, typiske driftskostnader, venta produksjon og eit utfallsrom for kraftprisen slik han er modellert av NVE fram mot 2040 (høg/låg/basis).

Tiltaket kan ha positiv noverdi ved NVE sin høgprisbane, medan det i basis- og lågprisbanane truleg ikkje vil vere positiv noverdi ved ei utbygging. Dersom det kjem kostnader for forsterking av nettet vil det svekke lønsemda til prosjektet. Økonomien i prosjektet er ikkje slik at det kan bere kostbare tiltak for å minke dei negative verknadane, til dømes ved å legge vassvegen i tunell eller auke minstevassføringa monaleg.

Usikkerheita er normalt betydeleg i denne fasen både når det gjeld faktisk produksjon og kostnader. Dei samla verknadane av tiltaket er ikkje avgrensa til dei som er prissette. I konsesjonsvurderinga vil departementet vurdere miljøverknadane av tiltaket nærare, og ta stilling til om tiltaket er samfunnsøkonomisk lønsamt.

Kunnskapsgrunnlaget og tilhøvet til naturmangfaldlova

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved handsaming etter vassressurslova, jf. naturmangfaldlova § 7. Det vert også vist til forvaltingsmåla for naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Omfanget av vurderingane skal tilpassast verdiane som kan bli påverka av ei utbygging.

Slik departementet ser det har NVE i tilfredsstillande grad vurdert og vektlagd prinsippa i naturmangfaldlova som gjeld offentlege avgjerder i skjønnet og grunngjevinga for vedtaket om Nonstadgilet kraftverk.

I tråd med naturmangfaldlova § 8 første ledd om kunnskapsgrunnlaget bygger departementet si vurdering m.a. på følgjande:

- Konsesjonssøknaden, datert 02.02.2016
- Biologisk mangfoldrapport, Sweco, datert 01.02.2016 og vedlegg til konsesjonssøknaden
- Høyringsinnspel
- Departementet si synfaring 03.10.2019
- Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, Aurland Naturverkstad, 01.08.2011
- Naturbase

Departementet meiner at naturmangfaldlova § 7 gjennom handsaminga av NVE og departementet er oppfylt.

Landskap

Dei viktigaste landskapsverknadane av ei utbygging er redusert vassføring i fossane frå Nonstadgilet og synleg veg og røyrgatetrasé.

Aurland Naturverkstad utarbeidde ei verdivurdering av landskap i tidlegare Hordaland fylke, som låg til grunn for utarbeiding av fylkesdelplan for små vasskraftverk. Aurland Naturverkstad gjev der Eksingedalen stor verdi som elvedal, og skriv m.a. "Eksingedalen skiller seg blant annet ut med sitt usedvanlige fosselandskap med kraftige stryk og sprang som i stor grad er godt synlige og knyttet til det aktive og godt ivarettatte kulturlandskapet og et aktivt og stedsbasert næringsliv." Konsulentselskapet skriv også at endringar i vassføring gjennom elvebaserte kraffanlegg vil kunne påverke karakteren til slike elvedalar, samstundes som dei store dalføra vil kunne ha kapasitet til å ta opp i seg ei rekke mindre tiltak utan at hovudkarakteren blir endra.

Departementet har ikkje lagt stor vekt på verknadane for Eksingedalen som område.

Fjellområdet der inntaket er tenkt plassert er kategorisert som lågfjell, og gjeve middels verdi av Aurland Naturverkstad. I Hordaland fylkeskommune sin fylkesdelplan er same fjellområda kategorisert som sårbart høgfjell med stor verdi.

I departementet sin "Retningslinjer for små vannkraftverk" blir det gjeve føringar for handsaming av saker som gjev inngrep i sårbart høgfjell. Mellom anna heiter det at "inngrep i vassdrag er som er del av sårbare høyfjellsområder," bør unngåast, "dersom muligheten for avbøtende tiltak er begrenset" (side 14).

Departementet sluttar seg til NVE si vurdering av at ei utbygging av Nonstadgilet kraftverk vil gje inngrep i sårbart høgfjell, og at det ikkje er aktuelt med tiltak for å minke verknadane av tiltaket. I tråd med departementet sine retningslinjer for små vasskraftverk blir dette avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Oppsummering

Ei utbygging av Nonstadgilet kraftverk vil kunne gje varige inntekter til utbyggjar og kommune og bidra til ein auke i produksjonen av fornybar energi. Samstundes er det berre ved høge kraftprisar at prosjektet kan gje positiv samfunnsnytte. Prosjektet krev inngrep i sårbart høgfjell, bygging av ein synleg veg i bratt terreng og vil gje redusert vassføring i synlege fossar.

Etter ei samla vurdering har departementet komme til at fordelane ved tiltaket ikkje er større enn skadar og ulemper for private og almenne interesser. Vilkåret for å gje konsesjon er ikkje til stades, jf. vassressurslova § 25, fyrste ledd.

Vedtak

Klagen frå Nese sameige blir ikkje teken til følge. Departementet opprettheld NVE sitt avslag på søknaden om konsesjon til Nonstadgilet kraftverk.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltingslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Håvard Hamnaberg
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Blåfall AS
Norges vassdrags- og energidirektorat
Vaksdal kommune